

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 08.06.2018

SAKSHANDSAMAR: Personal- og organisasjonsdirektør Odd Andrew Storetvedt

SAKA GJELD: Årleg revisjon av bierverv

STYRESAK: 73/18 0

STYREMØTE: 20.06.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tar oversyn over bierverv og arbeidet med bierverv i føretaket til orientering.

Oppsummering

Årleg oversyn over bierverv til styret, sist lagt fram i styresak i juni 2017, er eit av tiltaka etter internrevisjon i Helse Vest i 2015. Det har vore ein auke i talet på medarbeidarar som har meldt om bierverv i Agresso frå mai 2016 til mai 2017, mens det ikkje har vore nemneverdig auke siste året.

Rapporten frå Riksrevisjonen (2017 – 2018) om helseføretaka si handtering av bierverv, melder om betydeleg underrapportering i alle helseføretak. På bakgrunn av dette har Helse Bergen i april/mai 2018 hatt kampanje på intranett, og oppmoda både medarbeidarar og leiarar til å registrere bierverv.

Fakta

Arbeidet med bierverv i Helse Bergen er i samsvar med styringsoppdrag og gjeldande retningslinjer. Føretaket har sidan 2003 hatt retningslinjer for praktisering av regelverk for bierverv, og system for melding frå medarbeidarar om bierverv. Retningslinjer og system har sidan då vore vidareutvikla, mellom anna med innføring av elektronisk melding om bierverv frå medarbeidar til leiar for å gjere det enklare å melde. Arbeidet med bierverv har blitt revidert i fleire omgangar, både av Riksrevisjonen og internrevisjonen i Helse Vest.

Riksrevisjonen har sidan sommaren 2016 arbeidd med sak om bierverv som blei behandla i Stortinget i mars 2018. Hovedfunna er at tilsette i helseføretaka i liten grad rapporterer om bierverv, at retningslinjene fastsett i dei regionale helseføretaka ikkje er klare nok og at det er ulik forståing og praktisering av reglane om bierverv og rapportering av desse.

Helse Bergen har hatt kampanje på intranett i april/mai 2018, kor personal- og organisasjonsdirektør og føretakstillitsvald for Legeforeningen har oppmoda både medarbeidarar og leiarar til å registrere bierverv. Artikkelen tar utgangspunkt i rapporten frå Riksrevisjonen 2017 – 2018.

Det går fram av styringsdokumentet for 2018 at det kan vere aktuelt å revidere felles regionale retningslinjer og rettleiarar for bierverv. Helseføretaka er bedne om å delta i dette arbeidet.

Dei viktigaste områda i arbeidet med bierverv i Helse Bergen, er knytt til rutinar for å sikre god saksbehandling, og moglegheit for oppfølging og kontroll for leiarar som skal saksbehandle bierverv.

Av konkrete tiltak kan følgjande nemnast:

- Kampanjar og enkelt system for å få medarbeidarar til å melde frå om bierverv til leiar
- Vidareutvikle samarbeid med representantar frå dei føretakstillitsvalde om arbeidet med bierverv i føretaket. To representantar frå dei føretakstillitsvalde er utpeikt til dette samarbeidet.

- Jamleg gjennomgang av retningslinjer og rutinar for føretaksleiinga og leiarar. Leiarar kan ved behov bestille temainnlegg om bierverv til leiargrupper eller personalmøter.
- Den einskilde leiar har systemtilgang for oversyn over registrerte bierverv i si eining. Samla rapport pr. nivå 2 - eining blir utarbeidd til nivå 2-leiarar ved behov.
- Det er presisert at fullmakt og ansvar for å handsame bierverv ligg hos nivå 2-leiar, og at nivå 2 leiar på same måte presiserer fullmakt og ansvar dersom nivå 2-leiar delegerer fullmakt vidare til nivå under seg. Presiseringa er tatt inn på informasjonssida om bierverv og i revidert fullmaktoversikt for leiarar.
- Det er utarbeidd eit skjema som skal vere til hjelp i vurdering av bierverv. Dette er lagt inn på informasjonssida om bierverv på intranett.
- Spørsmål om bierverv er lagt inn i modulen for medarbeidarsamtale i Kompetanseportalen.
- I arbeidsavtalane underteiknar medarbeidarane på at dei har gitt opplysningar om eventuelle bierverv ved tilsetjing og forpliktar seg til å innhente samtykke frå leiar før ein eventuelt tar på seg nye bierverv.

Kommentarar

Rapporten frå Riksrevisjonen 2017 – 2018 peikar på at merksemd om bierverv frå leiarar er ein vesentleg føresetnad for at medarbeidarar skal melde frå om bierverv. Jamlege kampanjar, gjennomgang av retningslinjer og rutinar for leiarar og enkelt system for melding frå medarbeidarar om bierverv, er viktige tiltak for å halde ved lag merksemda om plikta til å melde bierverv.

Frå mai 2016 til mai 2017 har talet på medarbeidarar som har meldt bierverv i Agresso, auka frå om lag 330 til 430. Talet på melde bierverv har i same periode auka frå om lag 460 til 670 bierverv. Det har ikkje vore nemneverdig auke siste året.

Om lag 330 av dei 670 bierverva er innan områda andre helseføretak, private ideelle sjukehus, kommunal/statleg verksemd, universitet/høgskole eller ikkje helseretta verksemd. Om lag 110 bierverv er innan privat helseretta verksemd, inkludert oppdrag for legemiddelindustrien. Av dei resterande er om lag 60 bierverv innan privat ideell helseretta verksemd, verksemdar med driftstilskot frå Helse Vest, spesialisterklæringar til Nav og forsikringsselskap m.v. Resten av bierverva er kategorisert som anna, og gjeld i stor grad offentleg eller privat ikkje helseretta verksemd.

Konklusjon

[Riksrevisjonen sin rapport frå 2017 – 2018](#) og årleg oppfølging og innlemming av tiltak frå internrevisjon 2015, gir eit godt grunnlag for arbeidet framover med bierverv i føretaket.